

Nyhetsbrev 2023 04

Maks 6 tonn pr daa pr gang

RMP-ordningen har vært ute på høring og det ligger an til at det blir en maks. mengde som kan spres per gang med slangeutstyr. Det betyr at det maksimalt kan kjøres 6 tonn gjødsel+vann i samme kjøring, dersom en ønsker tilskudd.


Vi anbefaler å fordele gjødselen på minst 2 slåtter. 3+2 tonn storfegjødsel til 1. og 2. slått dekker behov for P og K i de fleste tilfeller. Er det mye vanninnblanding - inntil halvblanda vil det likevel være tilstrekkelig med 6 tonn totalt pr slått. Ønsker du å kjøre ekstra mye til en slått kan du gjøre det ved å kjøre 2 ganger med noe tid imellom.

Vipedisker til utlån

Vi har to vipedisker liggende på rådhuset for dem som ønsker å anvende dem under gjødselkjøring. Det kan også være råd å få tak i flere. Ta kontakt med Tone eller Else Britt, dersom du vil låne.

Funksjonen til kantsoner (fra landbruksplanen)

Kantsoner:



Kvifor kantsoner langs vassdrag?

Vegetasjonskledde kantsoner og buffersoner har ein reinsande effekt på vatnet som kjem frå ulike areal, før vatnet renn ut i vassdraga. I tillegg til funksjonen som reinsefilter, fungerer òg desse kantane som «ferdselsårer» og leveområde for det ville fugle-, insekts- og dyrelivet. Særleg for dyrelivet er det viktig å ha mest mogleg samanhengande kantsoner til å ferdast i. Kantsoner med vegetasjon i form av tre eller låge kratt mot vassdrag gjev auka mattilgang, gøymestader og skugge for livet i elva. Skugge vil redusere algevekst i vassdraget, samt hindrar at gras og andre planger gror i bekken. Vegetasjonen sine røter armerer og bind vassdragskantane, som motverkar erosjon og utrasing. Ved flaum vil tre og buskar ha ei bremsande effekt på flaumvatnet.

Du kan her sjå [film om kantsoner](#).

Jordbruksareal skal ha kantsoner langs vassdrag

I ulike lovverk, føresegner, retningsliner og frivillige ordninger er det krav om ulike avstandar mot vassdraga, dvs. breidde på kantsona. Etter vannressurslova §11 har kommunen høve til å fastsetje

breida på kantvegetasjonen. Lova seier også at kantvegetasjonen skal skjøttast på ein slik måte at eksisterande førekomstar av naturlege artar og naturlege prosessar ikkje vert endra i kantsona. I NVE sin [rettleiar](#) for kantsoner kan du lese meir om dette.

Krav til breidde på kantsoner

2 meter kantsone mellom vassdrag til eksisterande dyrka mark. Kantsona gjeld alle produksjonar. I sona kan det beitast, evt haustast og utførast anna normal skjøtsel, men du kan ikkje pløye dei to metrane nærmast vassdraget. Vegetasjonen skal ikkje endrast utan søknad, men kan «skjøttast normalt» Det vil seie felling av enkelttre osv. er tillate. Men det er ikkje tillate å fjerne all vegetasjon langs vassdraget slik at det blir ei permanent endring i vegetasjonsona. Vannressurslova §11 og Forskrift om produksjonstilskot §4.

- 3 meter sprøytefri sone for plantevernmidlar. Forskrift om plantevernmidlar §20.
- 6 meter urørt kantsone mot vassdraget ved nydyrkning. Forskrift om nydyrkning §6.

Frivillige ordningar som gir ekstra tilskot

- 4 meter ekstra grasdekt kantsone i eng gir tilskot gjennom RMP-ordninga
- 6 meter frivillig ugjødsla og ikkje sprøyta randsone grasdekt kantsone i åker gir tilskot gjennom RMP-ordninga. Hausting må skje ved beiting eller slått.